

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag, onsdag 13.oktober 2010

Til stades: Johan Urheim, Gerd Ingeborg Haugen, Hallvard Samland, Britt Heidi Selsvik, Haldor Tuvin, Trond Vikane

Sak 1 Auke av husleige og straumrekning

Etter vedtak i styremøte 6.september 2010 sende bygdelaget brev datert 14.september til Tre Tradisjon Herand v/Arjen Stolk om oppjustering av husleige + straum for leige av sløydlokalet. Styret i bygdelaget har motteke brev frå Arjen Stolk med klage på denne annonserte husleigeauken.

Johan orienterte om samtale med Arjen Stolk og om prisnivået i distriktet for utleige av areal til industriverksemnd.

Styret drøfta ankepunktta i klagebrevet og vedtok deretter einstemmig å oppretthalda den oppjusterte leigesummen gitt i brevet av 14.09.2010.

Sak 2 Forsikringar

Bygdelaget skiftar forsikringsselskap til If Forsikring. Dette selskapet har gitt eit forsikringstilbod som ligg 3000 kr under det me betalar no.

Sak 3 Julemessa 27.november

Trivsel og kulturgruppa har ansvar for å arrangera messa. Johan tek kontakt med gruppa for innkalling til møte.

Sak 4 Bygdelagsbasaren i romjula

Johan, Gerd Ingeborg og Hallvard tek kontakt med bedriftene i kommunen for å skaffa gevinstar til loddbøkene. Dette må vera klart til julemessa, slik at me kan starta loddsalet då.

Sak 5 Ny organisering av styret

Det vert nedsett eit arbeidsutval på 3 personar : leiar Johan Urheim, kasserar Gerd Ingeborg Haugen og skrivar Trond Vikane.

Utvalet set opp sakliste, førebur styremøta og ser til at styremøtevedtak vert utførte.

Sak 6 Datakurs

Bygdelaget undersøker om det er interesse for eit datakurs for nybyrjarar/litt vidarekomne. I tilfelle interessa er stor nok, prøver me å få til eit kurs etter nyttår. Haldor og Trond lagar oppslag om dette og Trond er styret sin kontaktperson.

Trond Vikane
skrivar